



Lærdal kommune



Planprogram
Kommuneplan 2018-2030
Arealdelen

Fastsett i kommunestyret 19.06.2019

Innhald

1 Innleiing.....	3
2 Bakgrunn og føringar for planarbeidet.....	4
2.1 Kva er arealdelen i kommuneplanen?.....	4
2.2 Kva er planprogram?	4
2.3 Omstillingskommune	5
2.4 Visjon og utviklingsstrategiar	7
2.5 Kommuneøkonomi.....	9
2.6 Befolkningsutvikling	10
2.7 Kommunen sin gjeldande kommuneplan og andre planar	11
2.8 Regionale føringar	12
2.9 Najonale føringar.....	12
2.10 Føringar frå samfunnsdelen.....	13
3 Sentrale tema, omsyn og problemstillingar i kommuneplanarbeidet	15
3.1 Natur, kulturmiljø og landskap.....	15
3.3 Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø	16
3.5 Samferdsle og infrastruktur	19
3.6 Verdiskapning og næringsutvikling	19
3.7 Overskotsmasser og massedeponi.....	20
4 Utgreiingsbehov	21
4.1 Generelt om konsekvensutgreiing (KU)	21
4.2 Metode for konsekvensutgreiing (KU).....	21
4.3 Datagrunnlag og kriterium for verdisetting.....	24
4.4 Vurdering av samla endringar og konsekvens.....	27
4.5 Sosial infrastruktur	27
4.8 Andre aktuelle planar og utredningsbehov.....	28
4.9 Krav til utgreiingar av verknadar for samfunn og miljø ved endring av arealføremål	28
5 Planprosessen og opplegg for medverknad	30
5. 1 Organisering	30
5.2 Medverknad	30
5.3 Framdriftsplan	32
6 Grunnlagsdata for planarbeidet	33

1 Innleiing

Etter Plan- og bygningslova §11-1 skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver for kommunen. Kommuneplanen er eit overordna styringsreidskap, men skal ikkje vera ei stiv ramme som er bestemt ei gong for alle. Ein må tilpasse seg endringane i tida og difor har kommuneplanen ei tidsramme på om lag 12 år, men skal verte revidert kvart 4. år. Både samfunnsdelen og arealdelen i vår kommuneplan har vore svært utdatert. Arealdelen av kommuneplanen vart utarbeida i 1991, og sist revidert i 1995. Ny samfunnsdel vart vedteken desember 2018, etter sist å vore revidert i 1999. Arealdelen vår tener ikkje lenger som styringsverktøy for kommunen, og me skal no utarbeida ein ny og oppdatert arealdel for langsiktig planlegging av arealbruken i heile kommunen.

Det er i planprosessen svært viktig å oppnå engasjement og medverknad frå både eigen organisasjon, innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar og offentlege etatar. Det er ynskjeleg med innspel til planarbeidet så tidleg som mogleg i prosessen, for å ha eit godt utgangspunkt til arbeidet vidare.

2 Bakgrunn og føringar for planarbeidet

2.1 Kva er arealdelen i kommuneplanen?

Arealdel til kommuneplanen består av plankart, føresegner og planomtale med ROS-analyse og konsekvensutgreiing (KU). Arealdelen skal sikre ein langsiktig og berekraftig arealbruk som legg til rette for ynskja vekst og utvikling i Lærdal kommune.


Arealdelen skal:

- fastsetje rammer for arealbruken i kommunen.
- vere i samsvar med økonomiplan, samfunnsdelen og den kommunale planstrategien.
- etter vedtaket i kommunestyret vera førande for komande prioriteringar og politiske og administrative avgjerder. Plankartet og dei juridisk bindande føresegnene er viktige for å få til dette.
- gje innbyggjarane informasjon om og realistiske forventningar til arealbruken i kommunen og leggje til rette for medverknad. For marknaden skal arealdelen gje grunnlag for avgjersler om vidare utvikling.
- vere grovmaska. Med dette målet ynskjer me å unngå ”enkeltsakshandsaming” i kommuneplanprosessen. Ein grovmaska arealdel vil gje betre utnytting av ressursane: både fysisk bruk av areal, men også administrativt gjennom sakshandsaminga. Arealdelen skal fastlegge kva dei forskjellige areala skal kunne brukast til, slik at det vert lettare å utarbeide meir detaljerte planar for enkeltområder, og slik at det raskt og føreseieleg kan fattast avgjerd i enkeltsakar i tråd med kommunale mål og nasjonal arealpolitikk.

2.2 Kva er planprogram?

Planprogrammet er utarbeida for å skildre korleis Lærdal kommune vil leggje til rette for arbeidet med ny arealdel. Her vert det gjort greie for kva føremål planen skal ha, kva tema som skal handsamast, korleis me vil organisere arbeidet, korleis ein kan medverke i arbeidet, kva fristar som gjeld og kva utgreiingar som skal gjennomførast. Planprogrammet skal avklare rammer, utfordringar og mål for planarbeidet.

Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og offentleg ettersyn samtidig med varsel om oppstart av arbeid med revisjon av arealdel til kommuneplan. Etter høyring skal planprogrammet fastsettast og vedtakast av formannskapet og vere grunnlag for vidare arbeid med arealdelen.



Planprosessen for arealdel til kommuneplanen med planoppstart og planprogram som første trinn, jf. plan og bygningslova. Kjelde: Veileder Konsekvensutredninger Kommuneplanens arealdel. Miljøverndepartementet.

2.3 Omstillingskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune /SFFK) gav Lærdal kommune omstillingsstatus hausten 2012, i samarbeid med Årdal kommune. Bakgrunnen var avviklinga av 1881 sin aktivitet i Lærdal, endringar ved Lærdal sjukehus, nedgang i folketalet og konkursen til Dooria i Årdal.

I samband med omstillingsstatusen vart det laga ein plan for omstillingsarbeidet for perioden 2013-2017, eit overordna styringsverktøy for omstillingsarbeidet. Som grunnlag for utviklingsplanen vart det gjennomført ein grundig utviklingsanalyse av næringslivet og samfunnet i Lærdal dei siste 10 åra og fram til 2012. Både kommunestyret, omstillingsstyret, næringslivet og privatpersonar var sterkt engasjerte og involverte i dette arbeidet. Basert på utviklingsanalysen vart ulike strategiske moglegheiter testa ut og forankra i kommunen, i det politiske miljøet og næringslivet. Denne prosessen danna grunnlaget for utarbeiding av den endelege utviklingsplanen for omstillingsarbeidet.

Hausten 2015 vart omstillingsplanen revidert, med formål å spissa satsingane i omstillingsarbeidet. I samband med omstillingsløyvinga for 2016 fekk Lærdal kommune utvida omstillingsperioden med eitt år til ut 2018, grunngjeve med at brannen i Lærdal medførde nokre samfunnsmessige utfordringar som sette omstillingsarbeidet noko tilbake. Det vart utarbeida *Handlingsplan og budsjett 2018*, der ein konkretiserte dei definerte hovudsatsingane ytterlegare. Den reviderte omstillingsplanen med handlingsdel for 2018 har to programområde:

A: Vekst i Lærdal	B: Attraktive Lærdal
<p>Hovudmål:</p> <p>Det natur- og kulturbasert ressursgrunnlaget skal vera sentralt i alt arbeid med nærings- og samfunnsutvikling, og brukast som fundament for ei breiare satsing på grøn næringsutvikling.</p> <p>Lærdal skal vera leiande på vekst i etablert næringsliv og med knoppskyting innan næringar der kommunen har sterke tradisjonar og naturlege fortrinn.</p>	<p>Hovudmål:</p> <p>Lærdal skal til ei kvar tid ha tilgjengeleg varierte bustadalternativ og byggjeklare tomter.</p> <p>Lærdal skal vera eit inkluderande og mangfaldig lokalsamfunn der alle skal trivast og vera trygge.</p>
<p>Mål:</p> <p>Det skal vera minst 1.200 arbeidsplassar i Lærdal innan utgangen av 2020 (1.010 arbeidsplassar i 2012).</p> <p>Me skal bidra til å skapa minst 5 bedrifter knytt til det grønne skiftet.</p>	<p>Mål:</p> <p>Det skal vera 2.300 innbyggjarar innan utgangen av 2020 (2.176 i 2012). Det skal vera 525 innbyggjarar i aldersgruppa 20-40 (475 i 2012).</p> <p>Omsetnaden i detaljhandelen skal veksa meir enn landsgjennomsnittet.</p> <p>Tilfredsheitsmåling i 2016 og 2018 blant innbyggjarar og besøkande i Lærdal, med mål om 10 prosentpoeng forbetring.</p>
<p>Ansvarleg for gjennomføring:</p> <p>Omstillingsprogrammet og LNU</p> <p>Lærdal kommune</p> <p>Næringslivet</p>	<p>Ansvarleg for gjennomføring:</p> <p>Omstillingsprogrammet og LNU</p> <p>Lærdal kommune</p> <p>Næringslivet</p> <p>Arrangørar, lag og organisasjonar</p>
<p>Prioriterte prosjekt i 2018</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utvikling Håbakken Næringspark • Tataki • Offentlege arbeidsplassar • Næringsvenleg region • Søkbare midlar – ikkje spesifiserte prosjekt <p><i>(Prosjekt med eksterne A-eigarar)</i></p>	<p>Prioriterte prosjekt i 2018</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tettstadutvikling • Levande lokale • Arrangementskoordinator • Nye tilflyttarar • Profilutvikling og kommunikasjon • Søkbare midlar – ikkje spesifiserte prosjekt <p><i>(Prosjekt med eksterne A-eigarar)</i></p>

Lærdal skal bli ein føregangskommune innan grøn næringsutvikling. Nye lønnsame arbeidsplassar er det viktigaste målet for omstillingsarbeidet. Lærdal har sett seg eit litt «hårete» mål på totalt 190 nye lønnsame arbeidsplassar innan 2020, to år etter at omstillingsperioden er slutt. Vekst i innbyggjartal, utvikling av bustadtilbodet, etablering av nye bedrifter, er døme på tema som må følgjast opp i kommunale planar.

Når omstillingsperioden er avslutta i utgangen av 2018, er det svært viktig at dei kommunale planane har innarbeida måla og strategiane frå omstillingsplanen, slik at ein får vidareført det omfattande arbeidet som er lagt til grunn i omstillingsprogrammet i utviklingsarbeidet som skal gjerast i åra som kjem. Omstillingsarbeidet har sett i gang mange gode prosessar og utviklingsstrategiar som må vidareførast også etter programperioden er over, elles har utviklingsarbeidet som er gjort liten effekt.

2.4 Visjon og utviklingsstrategiar

Gjennom arbeidet med Samfunnsdelen i kommuneplanen vart det utarbeida ein visjon for Lærdal kommune:

Grøne Lærdal – Å bli den beste kommunen i Noreg på gjennomføring av Det Grøne skiftet

Denne visjonen er innarbeida i gjeldande Samfunnsdel. Ein kort oppsummering av arbeidet med visjonen, kva me legg i visjonen, og kva verdivar den er tufta på (meir utfyllande i Samfunnsdelen):

Som omstillingskommune har utviklingsarbeidet i Lærdal hatt ekstra stort fokus dei siste åra. Omstillingsarbeidet har synt oss at alle sider ved samfunnsutviklinga heng saman. Desse erfaringane har fått fram behovet for ei overordna tenking om korleis me skal utvikla kommunen vår – ein visjon og ein retning for Lærdal.

Arbeidet med samfunnsutvikling er forankra i ulike kommunale planar innanfor ulike samfunnsområde. Planane vert ofte utvikla i eigne, isolerte prosessar og peikar ofte i ulike retningar. Difor treng me ein overordna visjon for samfunnsutviklinga, eit verktøy for å driva eit heilskapleg og tydeleg utviklingsarbeid. Visjonen må vera tufta på Lærdal sine føremoner. I historien, tradisjonane og ressursgrunnlaget ligg utgangspunktet for å skapa ein felles identitet for framtida.

Lærdal er allereie godt kjend som «Lærdal den grønne kommunen», både blant innbyggjarar og utanbygds. Grøne Lærdal er ei enkel modernisering av same tankegangen, men visjonen er gjort meir brukarvenleg også i marknadsføring for reiselivet og for næringslivet, og kan no også nyttast betre av andre enn kommunen.

Grunnlaget for val av visjonen er fortrinn, assosiasjonar og identitet.

Stikkord om bakgrunn for Grøne Lærdal:




Tankekart frå verkstadar om visjonsarbeidet.

Programområda i omstillingsarbeidet er

A: Vekst i Lærdal

B: Attraktive Lærdal

For å samordne omstillingsarbeidet og visjonsarbeidet vert utviklingsstrategien til kommunen slik:



Utklipp frå Samfunnsdelen

Gjennomføring av Grøne Lærdal

Planen er at arbeidet mot å verte Grøne Lærdal bør organiserast som eit prosjekt med ei arbeidsgruppe som skal ta Grøne Lærdal vidare. Målsetjinga med prosjektet må vera å utarbeida eit Handlingsprogram for Grøne Lærdal. Det er tenkt at Grøne Lærdal skal vera eit «Lærdalsprosjekt», der samskaping og stor grad av medverknad skal vera førande for arbeidet. Prosjekteigar bør ikkje vera kommunen eller Lærdal Næringsutvikling, men rett og slett Lærdølen. Mandatet til arbeidsgruppa vil vera å utarbeida Handlingsprogram for Grøne Lærdal, som skal vera detaljerte målformuleringar, tiltaksplan og plan for gjennomføring av tiltaka, framdrift og ansvarsfordeling.

Det vert vist til Samfunnsdelen og Omstillingsplan med handlingsdel for nærmare skildring av utviklingsstrategiar for Lærdal dei neste åra.

2.5 Kommuneøkonomi

Kommuneøkonomien har dei siste åra vore noko stram. Tidlegare har kommunen hatt eit romsleg budsjett å forhalda seg til, og har då teke del i samfunnsutviklinga på ein meir tydeleg måte enn det ein har moglegheit til i dag. Tidlegare har kommunen stått for mange av utbyggingsplanane i kommunen, gjennom kjøp av grunn, kommunale reguleringsplanar, og utbygging i kommunal regi. Kommunen har i stor grad teke ein stor del av kostnader

knytt til bustadutvikling, utbygging av infrastruktur og tilrettelegging i form av kommunale planprosessar, gode tilskotsordningar, rimelege bustadtomter for sal, rimelege husleige i gjennomgangsbustadar osv. Når kommuneøkonomien er strammare, har ikkje kommunen same moglegheiter til å ta så stor del i alle prosessar i utvikling og vekst i bygda. Kommunen vert meir ein tilretteleggjar i form av rådgjeving, sakshandsaming, overordna planar og tilskotsordningar, medan sjølv planprosessar og utbygging vert meir og meir overletne til private utbyggjarar/verksemder. Det er ikkje berre i Lærdal dette skjer, det er meir vanleg dei fleste stadar at private utbyggjarar tek meir ansvar og del i utbyggingsprosjekt i kommunane, og lovgivinga er også meir tilrettelagd for dette.

Det er framleis tradisjon i Lærdal at kommunen skal leggja til rette i svært stor grad for utbyggingstiltak, og ta store delar av kostnadane for utbyggingane då i stor grad i form av uopparbeiding av grunn og tbygging av infrastruktur til nye bustad- og næringsareal. Det bør i arealdelen vurderast bruk av utbyggingsavtalar i utbyggingsprosjekt, der ein har moglegheit til å setje krav om anleggsbidrag til infrastruktur.

2.6 Befolkningsutvikling

Ved inngangen til 2018 budde det 2153 personar i Lærdal kommune. Tilbake i 1986 var det 2263 innbyggjarar i kommunen, noko som syner oss at talet på innbyggjarar går ned. I følgje Statistisk sentralbyrå sine prognosar, så er forventa tal innbyggjarar i kommunen 2115 i 2030, og 2087 i 2040. Dette tilseier ein nedgang i folketalet på 33 personar i planperioden (2018-2030) og 66 personar til 2040, dvs. om lag 3 % nedgang på 22 år. Då framskrivingar seier at veksten på landsbasis går monaleg opp i same periode, meiner me at det bør vera mogleg for Lærdal kommune å oppnå ein betre vekst i folketalet enn prognosane tilseier.

I vedteken Samfunnsdel er det sett mål at kommunen skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år, og vekst på 15 % innan 20130. Målet er at innbyggjartalet skal vera 2300 personar innan 2024 og 2400 personar innan 2028.

Eit primært mål for Lærdal som samfunn er å auke folketalet. Å trekke til seg nye innbyggjarar krev ikkje berre interessante arbeidsplassar, men også eit attraktivt samfunn i sin heilskap. Gjennomgangsbustadar, attraktive hustomter, allsidige fritidstilbod, gode oppvekstvilkår, butikkar og servicetilbod og gode tilrettelagde tur- og friluftslivsmoglegheiter er del av heilskapen som bør liggje til grunn for å trekke til seg og halde på nye fastbuande i kommunen.

Kommunen ynskjer difor å satse på attraktivitet, gode infrastrukturtiltak, gode og differensierte bustadstrukturar, støtte til lokalt næringsliv og utvikling av nye attraktive bustadfelt for å trekke til seg nye tilflyttarar. I forhold til folketalsvekst vil spesielt nye bustadfelt vera eit stort tema i arbeidet med arealdelen, men og vurdering av tilstrekkeleg sosial infrastruktur (areal til barnehagar, skular, pleie- og omsorgsbustadar, helsestasjon osv), nye næringsareal (arbeidsplassar) og tettstadutvikling (attraktivitet).

2.7 Kommunen sin gjeldande kommuneplan og andre planar

Etter Plan- og bygningslova §11-1 skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver for kommunen. Kommuneplanen er eit overordna styringsreidskap, men skal ikkje vera ei stiv ramme som er bestemt ei gong for alle. Ein må tilpasse seg endringane i tida og difor har kommuneplanen ei tidsramme på om lag 12 år, men skal verte revidert kvart 4. år.

Arealdelen av kommuneplanen vart utarbeida i 1991, og sist revidert i 1995. Samfunnsdelen vart vedteken i desember 2018, etter å ha sist vorte revidert i 1999.

Kommunen sine planar og føringar:

PLAN	VEDTAK AV PLAN
Kommunal planstrategi	2017
Kommuneplan – samfunnsdel	2018
Kommuneplan – arealdel	1991 (rev.95), under revidering
Handlingsdel-økonomiplan	2016
Kommunedelplan for energi og miljø	2007
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og folkehelse	2016
Kommunedelplan for Kultur	2016
Kommunedelplan for Trafikktryggleik	2018
Helse og Omsorgsplan	2012
Bustadsosial handlingsplan	2011
Overordna Beredskapsplan med overordna ROS-analyse og smittevernplan	2019
Tiltaksplan for landbruk med handlingsplan	2018
Hovudplan for vatn	2015
Hovudplan for avlaup	2015

I tillegg vil det vera ulike sektorplanar, handlingsprogram og normar som i ulik grad vert berørt av, eller gjev føringar til kommuneplanen sin arealdel.

2.8 Regionale føringar

Fleire av dei regionale planane, utarbeida av Sogn og Fjordane fylkeskommune og vedteke i Fylkesutvalet, vil leggja føringar for kommunal planlegging. Dei mest sentrale for arealdelen er desse:

- Fylkesdelplan for arealbruk - sjekklister
- Fylkesdelplan for klima og miljø
- Handlingsprogram for klima og miljø 2016-2017
- Fylkesdelplan for landbruk
- Regional plan for folkehelse 2015–2025
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016–2019
- Regional plan for Nordfjella
- Regional transportplan 2018–2027
- Regional plan for vasskraft
- Verdiskapningsplan på nett
- Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021

2.9 Nasjonale føringar

Planarbeidet må ta omsyn til statslege retningslinjer og nasjonalt lovverk. Nedanfor følgjer ei oppstilling av dei mest sentrale lovar og retningslinjer for arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel.

- Plan- og bygningslova
- Folkehelselova
- Diskriminerings- og likestillingslova
- Naturmangfaldlova
- Kulturminnelova
- Vassressurslova og vassforskrifta
- Statlege retningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, 26.09.2014
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, 12.06.2015
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet – klargjering av miljøforvaltningens innsigelsespraksis, T-2/16
- Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2016
- Born og unge og planlegging etter plan- og bygningslova, T-1513
- Samfunnssikkerheit i arealplanlegginga, DSB
- Flaum og skredfare i arealplanar, revidert 22.05.2014, NVE
- NOU 2015: 16, Overvatn i byar og tettstadar – som problem og ressurs
- Anna nasjonalt lovverk, relevante forskrifter og retningslinjer

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging

For å fremja berekraftig utvikling skal regjeringa kvart fjerde år utarbeide nasjonale

forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg serleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Den nasjonale politikken som vert formidla gjennom forventningane gjev føringar for arbeidet med å avklara planbehov i kommunal planstrategi, og skal verte fulgt opp i den kommunale planlegginga etter Plan- og bygningslova.

Hovudtema i dei nasjonale forventningane som vart vedtekene 12. juni 2015 er gode og effektive planprosessar, berekraftig areal- og samfunnsutvikling, samt attraktive og klimavenlege by- og tettstodområde.

2.10 Føringar frå Samfunnsdelen

Vedteken samfunnsdel har føringar for arealbrukstrategien til kommunen, og strategiane må innarbeidast i arealdelen:

Næring, vekst og attraktivitet:

- Regulere tilstrekkeleg med næringsareal
- Leggje til rette for sentrum- og tettstadutvikling for å gjera Lærdal meir attraktiv som bustadkommune og for etablering av næringsverksemd
- Regulere tilstrekkeleg med bustadtomter, og leggje til rette for ulike bustadalternativ

Natur, klima og miljø:

- Sikre landskapsverdiane, naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø med omsynssoner i arealdelen
- Sikre gode og trygge gang- og sykkelveg-løysingar i heile kommunen
- Planleggje ut i frå eit klimaperspektiv med fortetting i eksisterande bumiljø med nærheit til sentrumsfunksjonar, skule og barnehage som fyrsteprioritet, medan ein og kan leggje til rette for bustadbygging i grendene, men då i meir begrensa omfang.

Helse:

- Sikre universelt utforma, sentrumsnært turdrag
- Sikre viktige og varierte friluftareal i kommunen
- Sikre tilstrekkeleg areal til offentleg tenesteyting

Samfunnstryggleik:

- Vurdere behov for skred- og flaumsikring i busette område og langs vegar i kommunen
- Sikre eksisterande drikkevasskjelder
- Lage temakart for ulike ROS-tema
- Utarbeide naudsynte konsekvensutgreiingar og ROS-analysar for alle nye byggjeområde for å kartleggje risiko og sårbarheit og minimere denne med avbøtande tiltak.

- Sikre at institusjonar med krav til utrykkingstid ikkje vert bygd utanfor Lærdal sentrum
- Sikre at høgde på hus er i tråd med brannføresegner, og at naudsynt oppgradering og innkjøp av nytt utstyr vert gjort dersom det vert bygd høgare bygningar enn ein har utstyr til å handtere ved eventuell sløkking av brann.

3 Sentrale tema, omsyn og problemstillingar i kommuneplanarbeidet

3.1 Natur, kulturmiljø og landskap

God tilgjenge til naturen er med på å skape gode nærmiljø og levande grender. Dette er ei av styrkene til Lærdal, då det er lett tilgjenge til naturen stort sett over alt. Å gå langs Lærdalselva fungerer som rekreasjon for mange, og er eit mykje nytta tur- og friluftsområde frå Lærdalsøyri til Borgund. Langs Lærdalselva på Lærdalsøyri er det godt tilrettelagd for turgåing langs elva, men det er eit ynskje om å gjere dette enno betre. I Kommunedepan for Lærdalsøyri er elveførebygginga regulert til turdrag med moglegheiter for tilrettelegging med benkar, lys osv. Det er og eit ynskje om å gjere turdraget universelt utforma, og kommunen har delteke i eit prosjekt med fylkeskommunen om dette. I Saltkjelen er det ein populær rundtur som går på begge sider av elva frå skulen til Stuvane. Ljøsnaveiti (den gamle vatningsveita) er og ein mykje brukt tursti. På Borgund er det om vinteren tilrettelagd for skiløyper, og her finn ein og lysløype. Skiløypene er mykje brukt på gode vintrar, men er noko sårbare ved nedbørsfattige vintrar. Område har stort potensiale for vidareutvikling av friluftsområde.

Lærdal er svært rik på naturressursar og har ein verdfull natur med fleire utvalde artar og naturtypar. Spesielt villreinen og villaksen har stor verdi både som naturressurs i lokalsamfunnet, men og som utvald art både nasjonalt og internasjonalt. Kommunen har eit stort ansvar for å forvalte både desse artane, og andre utvalde artar og naturtypar på ein forsvarleg, berekraftig måte. Nordfjella villreinområde vart ramma av CWD-førekost på rein i 2016. I 2017/2018 vart heile stamma avhenda, då einaste sjanse for å stoppe smittespreiing var å ta ut heile stammen. Området må dermed liggja brakk i 5 år, før ein kan innføra ny stamme. Dette har skapt stor debatt i lokalsamfunnet. Det vil vera svært viktig å forvalta villreinområdet på ein best mogleg måte i desse åra området skal liggja brakk, slik at det ikkje er noko forringa som villreinområde når det ligg til rette for å setja ut ny stamme i området.

I arealdelen vert det viktig å sikre verdfulle natur-, kultur og landskapsområde med omssynssoner i plankartet. Det må og leggast vekt på Naturmangfaldlova i vurderingane som vert gjort i kommuneplanarbeidet.

3.2 Klima og energi

Lærdal kommune var ein av dei fyrste kommunane som vedtok ein Energi og miljøplan (vedtak i 2007). Denne vart fulgt opp med ein Plan for lokal energiproduksjon, som tok for seg vurdering av framtidige småkraftverkssaker i kommunen. I planen er det mange framlegg til mål og strategiar for korleis kommunen skal arbeide mot å verta meir miljøvenleg og berekraftig. Dessverre har planen aldri vorte revidert og måloppnåinga har aldri vorte evaluert. Planen er i dag lite kjend, utdatert og har behov for revidering. I Kommunal planstrategi har kommunen som mål å revidere planen i 2019. Dette høver godt i forhold til at kommunen då har på plass overordna styringsverktøy i form av oppdatert kommuneplan, og har då gode overordna føringar for korleis kommunen skal arbeide for å

gjennomføre Det Grøne skiftet, og bli Grøne Lærdal. Det passar då bra å følge dette opp gjennom blant anna oppdatering av Energi og Miljøplan.

Global oppvarming som følgje av klimagassutslepp representarar ei stor miljøutfordring for Verdssamfunnet. Gjennom kommunale planar og strategiar ynskjer Lærdal kommune å synleggjere at me tek vår felles framtid på alvor, og at me alle kan gjera ein innsats for eit godt og berekraftig miljø. Me skal verta den beste kommunen på gjennomføring av Det Grøne skiftet, og heile visjonen i kommuneplanarbeidet tuftar på ei Grøn, berekraftig utvikling.

3.3 Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Gjennom Folkehelselova er kommunen sitt ansvar for førebyggjande helsearbeid tydelegare og meir omfattande enn før. Kommunen skal ha naudsynt oversikt over helsetilstanden blant sine innbyggjarar, og kommunen skal setja i verk naudsynte tiltak for å møte kommunen sine helseutfordringar. Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplanar fastsetja overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er eigna for å møte dei utfordringane kommunen står uvanfor.

Kommunen har som målsetjing å få på plass ein slik folkehelseoversikt i løpet av 2018. Denne vil vera viktig når kommunen skal arbeide vidare med mål og strategiar for langsiktig samfunnsutvikling, for å møte helseutfordringane. Sjølv om kommunen ikkje har fullstending folkehelseoversikt på plass, kan ein likevel hente ut noko informasjon frå Folkehelseinstituttet, som utarbeider enkle Folkehelseprofilar for kommunane. Her kjem det ikkje fram tydelege utfordringar for kommunen, og dei fleste resultat ligg om lag på fylkes- og landsgjennomsnittet. Det kan koma tydelegare fram utfordringar når kommunen har gjennomført ei større kartlegging i høve folkehelseoversikta.

Kommunen skal sikre eit gode og trygge oppvekstvilkår for born og unge. Dette kan gjelde for eksempel tilstrekkeleg barnehagedekning til einkvar tid, høg kompetanse blant barnehage- og skuletilsette, gode læringsmiljø (store klasserom med god luftkvalitet, moderne teknologi osv), bustadområde som er trygge og som er fri for helseskadeleg støy eller forureining, trygg skuleveg, osv. Kommunen sitt arbeid for å fremja livskvalitet og folkehelse kan for eksempel handle om å sikre tettstadnære grøntareal og friluftsomåde, gode idrettsanlegg, utbygging som bidreg til å auka kvardagsaktiviteten (sykling og gåing i staden for bilbruk), førebyggjande helsearbeid i form av gode helsetenester, miljøterapeut og helsesyster i skulen osv. Tilrettelegging for bruk av nærmiljøet til tur og rekreasjon er viktige bidrag for folkehelsa, i tillegg til sosiale møteplassar.

Menneske med nedsett funksjonsevne skal ha same moglegheit som andre til personleg utvikling og deltaking i samfunnet. Universell utforming er ein langsiktig strategi for å gjera samfunnet tilgjengeleg for alle og for å hindra diskriminering. Mange av dei nemnde temaene er aktuelle å ta med i arbeidet med arealdelen i kommuneplanen.

3.4 Arealforvaltning og tettstadutvikling

Det er forventet ein auke i folketalet på landsgjennomsnittet, medan prognosane for Lærdal er at folketalet går ned. Kommunen ynskjer ikkje denne utviklinga, og vil arbeide for at kommunen skal vera i vekst, spesielt når det gjeld tal innbyggjarar. Kommunen treng ikkje nødvendigvis berre sjå tilknytning til Sogn og Fjordane og utviklinga her, då kommunen ligg midt i eit knutepunkt mellom også Hordaland, Oppland og Buskerud. Kommunen har mange føremøner for å vera i vekst, men det krev ei aktiv planlegging for utvikling og tilrettelegging for vekst i folketalet med omsyn til bustadplanlegging, nye arbeidsplassar, utvikling av tenestetilboda gode samferdselsårar og infrastrukturar og ei målsetjing om å kontinuerleg betra attraktiviteten til kommunen.

Det har dei siste åra skjedd ein del bustadutvikling i kommunen, då spesielt på Lærdalsøyri. Det har vore bygd ein del leilegheiter, og lagt til rette for nokre få enkelttomter gjennom fortetting. Nokre tal som utgangspunkt for vidare langsiktig arealforvaltning:

Planlagde leilegheiter, ikkje ferdigstilte:	om lag 45
Ledige kommunale bustadtomter:	
- Lærdalsøyri	1
- Ljøsne	1
- Borgund	10
- Elles	0
Ledige hyttetomter (i fjellområde), ferdig regulert:	om lag 195
Ledige tomter for fritidsbustadar:	0

Kommunen har rikeleg med tilgjengelege hyttetomter, då i størst grad på Filefjell, og nokre få hyttetomter i eit mindre hyttefelt i Sluppen. Det må vurderast gjennom arealdelprosessen om kommunen kanskje har tilstrekkeleg med hyttetomter for planperioden.

Kommunen har lite tilgjengelege bustadtomter, og sentrumsnært er det berre den såkalla «Losjehustomta» som er ledig kommunal bustadomt. Elles er det nokre få ledige private tomter, men berre ei av desse ligg ute for sal.

Når det gjeld næringsareal er dette noko meir komplisert å talfeste, då nokre av areala er regulert berre i kommuneplan og nokre gjennom områderegulering (Håbakken) med krav om detaljregulering som ikkje er gjennomført. Men erfaringane frå utviklinga på Håbakken er at planlegging av næringsareal gjerne er konfliktfylt og utfordrande, og prosessane tek lang tid. Nye næringsareal kjem gjerne i konflikt med jordvern og nærmiljø, og det krev langsiktig planlegging for å kunne stå klare med ferdigregulerte næringsareal når det kjem ei verksemd som ynskjer å utvikle seg i Lærdal. Dette vil vera eit sentralt tema i arealdelen, då kommunen kanskje allereie har for lite tilgjengeleg næringsareal, sjølv etter mykje planleggingsarbeid på Håbakken, spesielt dersom gjeldande arealdel skal leggja til rette for tilgjengeleg næringsareal dei neste 12 åra.

Kommunen har vore gjennom fleire prosessar med vurdering av tettstadutvikling og sentrumsutvikling dei siste 8-10 åra utan at nokon av prosjekta har førd til gjennomføring. Økonomien i kommunen har dei siste åra vore stram, noko som har førd til at ei ynskja utvikling av sentrumsområde ikkje har vorte gjennomført. Det har likevel vorte gjennomført fleire vellukka mindre prosjekt gjennom Lærdal Næringsutvikling som Levande Lokale-prosjektet, der ein blant anna har klart å skape fleire etableringar av verksemder i Gamle Lærdalsøyri, og fått auka fokus på bedriftsetablering og bruken av kunst og design i lokal verdiskaping. Lærdal Næringsutvikling har og vore aktiv pådrivar av eit Tettstadutviklingsprosjekt. Det er ynskeleg å tettstad-/sentrumsutvikling i samanheng med kommuneplanen, spesielt sidan Attraktive Lærdal er ein av verdiane som skal leggja føringar for samfunnsplanlegginga. Dette tilseier at å gjere sentrum meir attraktivt bør vere eit tiltak i kommuneplanen. Nokre tiltak som har vore tema i høve utvikling av sentrum er f.eks:

- Etablere eigen bussparkeringsplass i sentrum
- Utvikle rådhusparkern til å bli meir attraktiv og meir brukt både av innbyggjarar og gjennomreisande.
- Utvikle uteområdet kring Kulturhus/Kunstsenter/Villakssenter. Parkpreg? (I denne samanhengen må det og vurderast verdisetting på naturvernområde for Fjøreknappen. Er denne framleis gjeldande, når ikkje Fjøreknappen lenger er raudlista?)
- Utvikling av næringsarealet/bustadarealet mellom gamle Lerum og Kulturhuset, bustad eller næring? Trehusbyen?
- Levande lokale, både i «nye-sentrum» og Gamle Lærdalsøyri
- Betre tilrettelegging for besøkande – meir benkar og bord, betre skilting, betre toalettforhold

Fleire av desse tiltaka vert for detaljerte til å handtere i arealdelen i kommuneplanen, her må det meir omtalast som ein overordna føring for sentrumsutviklinga, og gjerne leggast til rette i føresegnar for at ei ynskja utvikling kan skje.

Kommunen bør fastsetje utbyggingsstrategi gjennom arealdelen. Spørsmålet om opning av spreidd busetnad bør drøftast grundig. Skal det fortettast i sentrum før utbygging av nye areal? Kor mange etasjar skal ein opna for? Parkeringsnorm? Kor mange % av nye bustadeiningar bør liggja sentrumsnært? Krav om lågenergibustadar? Krav om tilknytning til vassboren varme? Utbyggingsplanar? Utnyttingsgrad i sentrum vs. ute i grendene? Dette er alle spørsmål som bør koma opp i arealdelprosessen, der resultatet bør verta ein førande utbyggingsstrategi for heile kommunen som vert lagt gjennom føresegnar og retningslinjer i kommuneplanen.

3.5 Samferdsle og infrastruktur

Kommunikasjonsmessig ligg Lærdal midt i Sør-Noreg med ferjefri veg til Oslo, Lillehammer og Bergen. Kommunen vert rekna som eit knutepunkt, og det er berre om lag ein time køyring til både Buskerud, Oppland og Hordaland fylke.

Hovudvegen gjennom kommunen er E16 frå Aurland via Lærdalstunnelen / Håbakken og over Filefjell. Når utbetringa av vegen over Filefjell er ferdig i 2018 vil den ha tilnærma 100% vinterregularitet. Rv 52 over Hemsedalsfjellet er og ein viktig hovudveg som møter E16 på Borlaug. Det same gjeld Rv5 frå Florø via Førde og Sogndal med tilknytning til Nordvestlandet som endar på Håbakken. Dette gjer ikkje berre Håbakken, men heile kommunen til eit sentralt knutepunkt for det overordna nasjonale vegnettet i Sør-Noreg.

Aust-vest utgreiinga som Vegdirektoratet presenterte i 2015 tilrår at i eit langtidsperspektiv fram mot 2050 bør Rv 52 via Hemsedal, mellom anna på grunn av tidsfaktoren, ta over som hovudtrase aust-vest. Dette føreset lang tunnel på 20 km frå Borlaug og austover og må sjåast i samheng med bru mellom Fodnes og Mannheller. I riksvegutredninga 2015 er det sagt at i tillegg til ferjefri E39 vil det på lengre sikt vere viktig med ferjefri riksveg 5. I eit slikt perspektiv vil Lærdal også i framtida vere eit sentralt knutepunkt. Trafikken vil auke og reisetidene mellom viktige målpunkt vil verte ytterlegare redusert. Bruløysing Mannheller-Fodnes har vore framme i diskusjonane om aust-vest-samband i Sør-Norge. Statens vegvesen har ikkje starta planarbeid, men det kan vere aktuelt å bandlegge areal for framtidig planlegging av dette.

Lokalvegen gjennom kommunen og hovudvegen aust/vest var tidlegare ein og same veg. Når planlagd lang tunell frå Voll og forbi Ljøsne skule står ferdig skal det meste av E16 frå Håbakken og austover ha skilt lag med lokalvegen. Mindre trafikk gjennom bygdene vil ha positiv effekt i forhold til mellom anna støy, men kan gje eit dårlegare kollektivtilbod. Sommartrafikken er over dobbelt så stor som vintertrafikken, men når ein samanliknar trafikken i 2009 med trafikken i 2014 for Borgundtunnelen og Lærdalstunnelen har årleg trafikkauke vinterstid vore over 3% medan sommartrafikken berre har auka med 1%.

I arealdelen vil det vera viktig å fokusera på trygge, effektive og framtidsretta vegsamband gjennom dalføret. I tillegg må det vera stort fokus på gang- og sykkelvegar, då sett i samheng med folkehelse, trygge skulevegar, klimaarbeidet og Kongevegprosjektet.

Håbakken bør vurderast som omlastingsplass for modulvogntog i fylket.

3.6 Verdiskaping og næringsutvikling

I Lærdal kommune er arbeidsplassane i hovudsak tufta på landbruk, helse, reiseliv og logistikk/transportnæringar. Spesielt innanfor landbruk og helse har kommunen sterke kunnskapsmiljø, men også innan bygg- og anleggsbransjen.

Omstillingsarbeidet har kome fram til to programområde som kommunen skal arbeide vidare med innan næringslivet: Vekst i Lærdal og Attraktive Lærdal. Hovudmåla som er sett er følgjande:

- Det natur- og kulturbaserte ressursgrunnlaget skal vera sentralt i alt arbeid med nærings- og samfunnsutvikling, og nyttast som fundament for ei breiare satsing på Grøn næringsutvikling.
- Lærdal skal vera leiande på vekst i etablert næringsliv og med knoppskyting innan næringar der kommunen har sterke tradisjonar og naturlege fortrinn.
- Lærdal skal til ein kvar tid ha tilgjengelege, varierte bustadalternativ og byggjeklare tomter.
- Lærdal skal vera eit inkluderande og mangfaldig lokalsamfunn, der alle skal trivast og vera trygge.

I tillegg er det sett undermål og prioriterte prosjekt i framtidsplan. Det vert vist til handlingsdelen innan Næringsliv for meir informasjon om mål og strategiar.

Lærdal Næringsutvikling har vore delaktive i arbeidet med å utarbeida ny visjon for Lærdal. Ein ynskjer å utvikla Grøne Lærdal der berekraftig vekst og ein moderne, miljøretta næringsutvikling står i fokus. Lærdal ynskjer å vera langt framma på kompetansemiljø innan Grøn Næringsutvikling.

Det skal gjennom planprosessen vurderast behov for utviding av Håbakken næringsareal. I tillegg må det vurderast tiltak for utvikling, fortetting og avgrensing av sentrumsområdet på Lærdalsøyri. På Indre Grandane (ved Norsk Villakssenter og Indre Sogn Kunstsenter) ligg eit areal som er sett av som kombinert næring- og bustadareal. Det bør i arealdelen gjerast vurdering av kva arealet skal nyttast til. Det er og kome innspel om å vurdere behov for eit nytt hotell i Lærdal, og eventuell plassering av eit slikt hotell på Indre Grandane.

3.7 Overskotsmasser og massedeponi

Gjennom rullering av arealdelen bør det ligge til grunn ei heilskapleg vurdering av område eigna til massedeponi/lagring av overskotsmassar frå byggeaktivitet i høve verknadar for natur, landskap, transport, kultur og jordvern. Kommunen ynskjer å nytte masser frå utbygging som ressurs, og ha deponi og lagringsplassar som er avklara i overordna planverk.

Jordmasser er ein ressurs for landbruk og samfunn. Fokus på jord og jorda sin verdi har auka dei siste åra. Problemstillingar rundt kva som skjer med jord- og steinmasser som vert fjerna frå utbyggingsområder er tema i planarbeid og byggjesaker. Det bør i planrevisjonen gjerast vurderingar på temaet handtering av overskotsmasser.

Kommunen bør i samarbeid med landbruksnæringa vurdere faste område for mellombels plassering av masser eigna til landbruksproduksjon. Områder for massehandtering bør sjåast i samheng med kvar det er lagt ut areal for utbygging i gjeldande arealplan, slik at vi kan halde transportbehov under utbygging på eit minimum. Rettleiaren «Jordmassar frå problem til ressurs» vil vere grunnlag for vurderingar i planarbeidet. Det er ynskjeleg med innspel til deponier, utfyllinger, steinbrudd, bakkeplaneringer og område for bruk av jordressursar.

4 Utgreiingsbehov

4.1 Generelt om konsekvensutgreiing (KU)

For kommuneplanar med retningsliner eller rammar for framtidig utbygging, skal planomtala gje ei særskild vurdering og skildring – konsekvensutgreiing – av dei verknadane planen får for miljø og samfunn, jf. plan- og bygningslova § 4-2.

Det skal gjennomførast ei konsekvensutgreiing for kvart område i arealplanen der det vert føreslege vesentleg endring i arealbruk. Konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i ein vurdering av konflikhtar knytt til endring av arealbruken. Vurderinga av konsekvensar skal baserast på kjente registreringar, fagleg skjønn, synfaring i dei ulike områda og andre kjende opplysningar.

Konsekvensutgreiinga for arealdelen til kommuneplan skal skilje mellom utgreiing av enkeltområder og utgreiing av planen som heilheit. Der det er aktuelt skal planmyndigheita klargjere kva slags dokumentasjon som må følgje nye innspel til byggjeområder, jf. kapittel 5.3 om krav til dokumentasjon og vedlegg som skal fyllast ut for innspel til kommunen.


Vurdering av verdi og konsekvensar vert basert på lokal kunnskap, fagleg skjønn og registreringar i tilgjengelege databaser, som til dømes www.fylkesatlas.no. Metoden vi vil nytte er skildra bakarst i planprogrammet.

4.2 Metode for konsekvensutgreiing

I samsvar med planprogrammet er føremålet med konsekvensutgreiinga å:

1. systematisk avklare kva konsekvensar dei ulike arealbruksendringane vil medføre, i balanse med prinsippa som er klarlagt i fastsett planprogram
2. avklare mulege uønskte hendingar og verknadar av desse, DSB sine rettleiarar og hovudprinsippa i NS5814 ligg til grunn i vurderingane

Konsekvensutgreiinga skil mellom vurdering av konsekvensar i høve til natur og samfunn. Under desse to tema er det igjen fleire undertema som vert vurdert kvar for seg. Alle tema vert vurdert for kvar einskild arealbruksendring.



Hovudgrep for konsekvensutgreiing

Noverande planavklart og faktisk arealbruk ligg til grunn for vurdering av verknadane. I konsekvensutgreiinga er overordna verknadar også del av denne vurderinga.

Forhold som skal vurderast ved seinare planleggingsstadium vert også kommentert.

Kvart undertema vert konsekvensutgreia etter følgjande inndeling:

1. Verdivurdering; ei vurdering av området sin verdi
2. Omfang; ei vurdering av endringa/påverknad endringa medfører
3. Konsekvens; ei samla vurdering av verdi og omfang

Kvart utgreiingstema er gitt ein konsekvent skala for verdi-vurderinga.

Omfang definera ein negativ eller positiv endring som følge av den gitte arealbruksendringa

for det enkelte området. Utgangspunktet for vurderinga, 0, er noverande planavklarte status.

Skala for omfang:

- Stort negativt omfang; arealbruken vil øydelegge for det aktuelle tema
- Middels negativt omfang; arealbruken vil redusere verdien av det aktuelle tema
- Lite eller ubetydeleg omfang; arealbruken har ingen innverknad på tema
- Middels positivt omfang; arealbruken vil betre verdien for det aktuelle tema
- Stort positivt omfang; arealbruken vil i stor grad betre verdien for det aktuelle tema

Konsekvensane vert vurdert som eit resultat av verdi og omfang for kvart einskild tema, som synt i Tabell 1. Skalaen i konsekvensvurderinga rangerar frå "svært stor positiv konsekvens" (++++), via "ubetydelege konsekvensar" (0), til "svært store negative konsekvensar" (----). Til dømes vil ei stor positiv verdivurdering av eit område, i kombinasjon med stort negativt omfang som følgje av arealbruksendringa, gje ein stor negativ konsekvens. Tilsvarende vil eit område vurdert å ha liten verdi innanfor det gitte tema, i kombinasjon med lite omfang som følgje av arealbruksendringa, gje ein liten eller ubetydeleg konsekvens.

Samla evaluering av konsekvensane er gjort under kvar enkelt arealbruksendring.

		Vurdering i forhold til virkningstema		
		Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Omfang av inngrep	Stort positivt omfang	Middels positiv konsekvens (++)	Stor positiv konsekvens (+++)	Svært stor positiv konsekvens (++++)
	Middels positivt omfang	Lite positiv konsekvens (+)	Middels positiv konsekvens (++)	Middel til stor positiv konsekvens (+/+++)
	Lite omfang/ubetydeleg	Ubetydeleg konsekvens (0)	Ubetydeleg konsekvens (0)	Lite eller ubetydeleg konsekvens (-/0) / (0/+)
	Middels negativt omfang	Lite negativ konsekvens (-)	Middels negativ konsekvens (--)	Middels til stor negativ konsekvens (-/--)
	Stort negativt omfang	Middels negativ konsekvens (--)	Stor negativ konsekvens (---)	Svært stor negativ konsekvens (----)

Tabellen syner hovudtrekk i vurdering av konsekvensar

4.3 Datagrunnlag og kriterium for verdisetting

Natur:

	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"> – Område med biologisk mangfald som er representativt for distriktet. – Ikkje rapportert raudlista art 	<ul style="list-style-type: none"> – Natur- og vegetasjonstypar i verdikategori B (viktig) for biologisk mangfald etter DN si handbok 13. – Rapporterte arter i raudlista med status «livskraftige» eller «nær trua» 	<ul style="list-style-type: none"> – Natur- og vegetasjonstypar i verdikategori A (svært viktig) for biologisk mangfald etter DN si handbok 13. – Utvalde naturtypar – Rapporterte arter i raudlista med status «sårbar» til «kritisk trua»
Kulturmiljø og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> – Miljøet er vanleg førekomande og/eller fragmentert – Bygningar utan særskilte kvalitetar 	<ul style="list-style-type: none"> – Miljø som er representativt for ein epoke, men ikkje lenger vanleg – Bygningar/objekt med arkitektoniske/kunstnarleg kvalitetar – Område i nærleiken av automatisk freda kulturminne, med sannsyn for fleire funn 	<ul style="list-style-type: none"> – Miljø som er sjeldan og/eller er eit særskilt godt døme på ein epoke – Bygningar/objekt med særskilt høg arkitektonisk/kunstnarleg kvalitet – Freda kulturminne – Automatisk freda kulturminne
Landskap	<ul style="list-style-type: none"> – Landskap utan utprega verdiar i lokal samanheng – Vanleg kulturlandskap med endra topografi 	<ul style="list-style-type: none"> – Landskap som er vanleg i lokal samanheng og/eller som finst mange stader regionalt – Vanleg kulturlandskap med noko endra topografi 	<ul style="list-style-type: none"> – Landskap av nasjonal interesse eller som finst få stader regionalt – Sjeldan/gammalt kulturlandskap
Landbruk	<p>Arealtilstand:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Overflatedyrka - Driftstilhøve: Tungdrive - Storleik: <10 daa - Skogsareal med låg bonitet 	<p>Arealtilstand: -</p> <ul style="list-style-type: none"> - Overflatedyrka/fulldyrka - Driftstilhøve: Middels lettdrive - Storleik: 10 – 50 daa - Større skogsareal med middels bonitet og gode driftstilhøve 	<p>Arealtilstand:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fulldyrka - Driftstilhøve: Lettdrive - Storleik: >50 daa - Større skogsareal med høg bonitet og gode driftstilhøve
Inngrepsfrie naturområde (INON)	<ul style="list-style-type: none"> - Inngrepsnære område (under ein km frå tyngre tekniske inngrep) 	<ul style="list-style-type: none"> - Inngrepsfri sone 1 Område mellom tre og fem km frå tyngre tekniske inngrep - Inngrepsfri sone 2 	<ul style="list-style-type: none"> - Villmarksprega område Område fem km eller meir frå tyngre tekniske inngrep

		Område mellom ein og tre km frå tyngre tekniske inngrep	
Strandsone langs sjø og vassdrag	<ul style="list-style-type: none"> - Utbygd strandsone med liten tilgjenge for allmenta 	<ul style="list-style-type: none"> - Strandsone med spreidd utbygging 	<ul style="list-style-type: none"> - Strandsone i tilnærma ubygde område - Strandsone med tilgjenge for allmenta i utbygde område
Grønstruktur (i byggesona)	<ul style="list-style-type: none"> - Utbygde område, grønne restareal 	<ul style="list-style-type: none"> - Grønne lungar, leikeområde o.a. knytt til bustadområde - Område med grønstruktur i private hagar 	<ul style="list-style-type: none"> - Større eller samanhengande grønne område og korridorar - Stiar, turveggar o.a. merka i grøntplan for Sogndal sentrum
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> - Område som er mindre brukt til friluftsliv 	<ul style="list-style-type: none"> - Område som vert brukt av mange til friluftsliv - Område som har gode kvalitetar for friluftsliv 	<ul style="list-style-type: none"> - Område som vert brukt svært ofte/av svært mange - Område som er ein del av regionale samanhengande naturområde - Område som er attraktive nasjonalt og som i stor grad tilbyr stillheit og naturopplevingar

Samfunn:

	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Folkehelse og tilgjenge til ute- og friområde	<ul style="list-style-type: none"> Område med få eller ingen opparbeida rekreasjonsområde med låg kvalitet utanfor gangavstand 	<ul style="list-style-type: none"> Område med nokre mindre opparbeida rekreasjonsområde innan gangavstand 	<ul style="list-style-type: none"> Område med fleire samanhengande eller større opparbeida rekreasjonsområde med god kvalitet innan gangavstand
Universell utforming	<ul style="list-style-type: none"> Dårlege føresetnader for at området kan verte utforma universelt 	<ul style="list-style-type: none"> Middels gode føresetnader for at området kan verte utforma universelt 	<ul style="list-style-type: none"> Gode føresetnader for at området kan verte utforma universelt
Oppvekstvilkår for born og unge	<ul style="list-style-type: none"> Område utan skule og leikeplasser i gangavstand Område utan trygg skuleveg 	<ul style="list-style-type: none"> Område med skule og leikeplasser innanfor gangavstand Område med trygg skuleveg 	<ul style="list-style-type: none"> Område med skule og leikeplasser med høg kvalitet i direkte nærleik Område med skuleveg skjerma frå biltrafikk
Areal og transport (transportgenerering)	<ul style="list-style-type: none"> Område med høg grad av bilavhengigheit og låg tilgjenge for gåande og syklende til tenestetilbod Ikkje eksisterande kollektivtilbod 	<ul style="list-style-type: none"> Område med god tilgjenge til tenestetilbod for gåande, syklende og køyrande Område utanfor gangavstand frå kollektivtilbod 	<ul style="list-style-type: none"> Område der ein ikkje er avhengig av å nytte bil til tenestetilbod Område i nærleik av stoppestad for kollektivtransport
Infrastruktur og offentlege tenester	<ul style="list-style-type: none"> Område med lite utbygd eller dårleg kapasitet i infrastruktur Område med lite utbygd eller dårleg kapasitet i tenestetilbod 	<ul style="list-style-type: none"> Område med utbygd infrastruktur med tilstrekkeleg kapasitet for noverande situasjon Område med utbygd tenestetilbod med tilstrekkelig kapasitet for noverande situasjon 	<ul style="list-style-type: none"> Område med kapasitet i infrastruktur for framtidige tiltak Område med kapasitet i tenestetilbod for framtidige tiltak

4.4 Vurdering av samla endringar og konsekvens

Resultata frå utgreiing av enkeltområda i planen vil danne grunnlag for vurdering av dei samla arealbruksendringane. Følgjande element bør inngå i ei vurdering av samla arealbruksendringar:

- Skildring av omfanget og verknad av endra arealbruk i planen fordelt på arealføremål.
- Vurdering av verknad sett opp mot kvart utgreiingstema, til dømes omfanget av friluft- eller landbruksområder som vert råka. Eigne temakart kan verte aktuelt.
- Vurdering av potensiell fare i planområdet, med hovudvekt på dei områda der utbygging er aktuelt.
- Vurdering av verknadane sett opp mot målformuleringa i planen.
- Forhold som skal avklarast og belyst i seinare planarbeid for aktuelle område.
- Vurdering av relevante og realistiske alternativ.

Når det gjeld utgreiing av alternativ gjeld det både alternative løysingar for overordna utbyggingsmønster og alternative konkrete utbyggingsforslag. Her kan det vere aktuelt å ta med tilpassingar (t.d. reduksjon, justering) av føreslegne byggjeområde for å redusere eventuelle negative verknader for ulike interesser eller omsyn. Dersom det vert føreslege å ta i bruk dyrka areal til konkrete utbyggingsforslag, må det dokumenterast at andre alternativ er vurdert. Vurdering av dei samla arealbruksendringane vil vere på eit meir overordna og kvalitativt skildrande nivå enn for enkeltområda.

4.5 Sosial infrastruktur

Behov for areal til framtidig sosial infrastruktur må verte utreda av einingane (Helse og Oppvekst) og verte meldt inn i samband med planarbeidet for arealdelen. I tillegg til desse innspela, vil det vera viktig å vurdere kva slag langsiktige behov dei ulike kommunale einingane har for areal til offentleg og/eller privat tenesteyting. Ved innmelding av behov, må det vurderast om det skal setjast av areal til dei aktuelle føremåla, storleik, alternative plasseringar osv. Dette kan f.eks vere utviding av kyrkjegardar, flytting eller utvikling av helsefunksjonar, utviding av barnehagar osv.

4.6 Kjerneområde landbruk og jordvern

Kommunestyret har tidlegare vedteke Kommunedelplan for landbruk og kulturminne, med Kjerneområde landbruk. Det må gjennom planarbeidet vurderast om kjerneområde landbruk skal innarbeidast som omsynssoner i arealdelen. Dette kan vera føremålsteneleg for å styrke jordvernet i kommunen. Det må og gjerast ei vurdering av justering av grensene til kjerneområda. Grensa mellom kva som skal definerast som Lærdalsøyri tettstad, der utbygging/fortetting er fyrste prioritet, og kva som skal vera Kjerneområde landbruk bør definerast tydeleg i planen. Det er viktig at det vert synleggjort arealreknskap for kvar utbygging for seg, og samla for heile arealdelen. Dette er for å synleggjere så godt som mogleg konsekvensane av dei ulike utbyggingstiltaka samla og kvar for seg. Det er viktig å synleggjere kva konsekvensar nedbygging/omregulering av jordbruksareal har for den enkelte gardbrukar og samla for jordbruksnæringa i Lærdal.

4.7 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Kommunen har ikkje tidlegare utført ROS-analyse for kommuneplanen, då det ikkje var krav om dette førre gong arealdelen vart revidert. Det må difor lagast ny ROS-analyse.

Kommunen er i gang med revidering av overordna ROS-analyse til Beredskapsplanarbeidet. Denne vil leggja tydelege føringar for ROS-analysar i både kommune- og reguleringsplanar. Det vil gjennom dette arbeidet synleggjerast kva som finst av kartleggingar for aktuelle farar i kommunen. Spesielt aktuelt for arealdelen er skred, flaum og radon. ROS-analyse må følgjast opp i arealdelen med omsynssoner for fareområda.

4.8 Andre aktuelle planar og utredningsbehov

Parallelt med rullering av kommuneplanen sin arealdel vil det kunne vera behov for, eller ynskjeleg med utredningar og strategiar som rårar tema i arealdelen, men som går meir i detaljar enn det som er naturleg i ein kommuneplan. Dette vil vera strategiar og utgreiingar knytt til sentrumsutvikling, energi og klima-spørsmål, flaumsikring, overvasshandtering, landskapsanalysar osv. Ofte kjem behov for slike utgreiingar fram etter kvart i planprosessen, og er kanskje ikkje opplagd i oppstarten. Eit døme detaljplanar som legg føringar for arealdelen kan vera Detaljregulering for flaumsikring av Lærdalsøyri. Kommunen er i gang med å sikre busetnaden på Lærdalsøyri for flaum frå Lærdalselvi, eit arbeid som vert gjennomført i samarbeid med NVE. Resultatet av dette arbeidet, vil ha konsekvensar for utbyggingsmoglegheitene på Lærdalsøyri, ein får blant anna fleire moglegheiter til bustadutvikling.

4.9 Krav til utgreiingar av verknadar for samfunn og miljø ved endring av arealføremål

I samband med utlegging av framlegg til Planprogram til offentleg ettersyn og varsel om planoppstart, er det opna for innspel til planarbeidet. Det er då å forvente at det vil koma innspel til både små og store omdisponeringar frå LNF-område til byggjeområde. Ved vurdering av nye byggjeområde og/eller utviding av eksisterande byggjeområde skal det takast spesielt omsyn til jordvern, naturmangfald, kulturlandskap, nærmiljøet og eksisterande grønstruktur.

Ved gjennomføringar av føremålsendringar i planarbeidet med arealdelen skal konsekvensane for samfunn og miljø verte utgreia. Lova set konkrete rammar og krav til innhald i denne utgreiinga. Alle nye konkrete framlegg til arealbruksendringar må difor vurderast. For å utføre dette arbeidet på ein tilfredstillande måte, skal alle framlegg til framtidig utbygging innehalda følgjande:

- * Kartfesting av foreslegne omdisponerte areal
- * Skildring av framlegget til innhald og arealføremål
- * Skildring av korleis innspelet er i tråd med strategiane i kommuneplanen

* Arealrekneskap

* Skildring av innhald og status på området i dag

Konsekvensar for følgjande tema vil verte lagt til grunn ved vurdering av føreslegne føremålsendingar:

- Biologisk mangfald, naturverdiar. Prioriterte artar og utvalde naturtypar (obs. villrein)
- Friluftsliv, rekreasjon og grønstruktur
- Nærmiljø og bumiljø
- Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap
- Jord og skogbruksressursar – arealrekneskap
- Tettstad- og næringsutvikling
- Skule og barnehage, oppvekstmiljø
- Trafikale forhold, trafikktryggleik
- Støy og forureining
- Klima og energi
- Vatn og avlaup, infrastruktur og kommunikasjon
- Samfunnsikkerhiet, her grunnforhold, flaumfare, skredfare, beredskap osv.
- Landskap
- Folkehelse
- Born og unge
- Universell utforming
- Vassmiljø, jf. vassforskrifta

5 Planprosessen og opplegg for medverknad

5.1 Organisering

Kommuneplanen sin arealdel skal gjennomførast med følgjande organisering:

Prosjekteigar:	Kommunestyret
Styringsgruppe:	Formannskapet
Prosjektansvarleg:	Rådmann
Prosjektleder:	Arealplanleggjar
Arbeidsgruppe:	Arealplanleggjar Leiar Tekniske tenester Rådmann Byggjesakshandsamar
Utvida arbeidsgruppe:	Internt Planforum (Arbeidsgruppa + representantar frå LNU, Helse, Kultur og Oppvekst og Landbruk)

Aktuelle råd og utval/referansegrupper: Ungdomsrådet, Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, Barnerepresentanten, Næringsssamskipnaden.

Administrasjonen utarbeider planomtale sjølv, medan det må engasjerast bistand til å utarbeide plankart og enkelte utgreiingar.

5.2 Medverknad

Før formell oppstart av planarbeidet, har administrasjonen gjennomført **Planverkstad** i eigen organisasjon. Denne vart gjennomført med heile kommunestyret og representantar frå ulike delar av administrasjonen. Her var det fyrst ein presentasjon av kommuneplanarbeidet, utfordringar og problemstillingar og status i ulike utbyggingar osv. Det vart så arrangert planverkstad gjennom gruppearbeid, som gjekk direkte på ulike utviklingstiltak og val i arealdelen. Resultata frå planverkstaden er eit godt utgangspunkt og grunnlagsmateriale i det vidare arbeidet med arealdelen.

Oppstart av planarbeidet vert kunngjort i avis og på kommunen sine **heimesider** samstundes med at framlegg til Planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn. I mars/april skal det haldast **møte/arbeidsverkstad** med Næringslivet og Oppvekstområde (kvar for seg) om samfunnsutviklinga i Lærdal. I mai 2018 skal det haldast eit **felles folkemøte** om kommuneplanarbeidet (samfunnsdel + arealdel) og det skal arrangerast **open kontordag**.

Kommunen ynskjer å ha møte med **Planforum** i løpet av prosessen. Føremålet er å få råd/tips of få synleggjort og avklart konfliktområde så tidleg som mogleg i planprosessen. Planforum er eit møtepunkt mellom samarbeidsorgana i samfunnsplanlegging: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Statens vegvesen og andre aktuelle statlege organ (på fylkes-/regionnivå) som f.eks NVE.

Kommunen har eige **Internt Planforum** i eigen organisasjon som er sett saman av representantar frå Tekniske tenester, Næring, Kultur, Oppvekst, Landbruk og Helse.

Kommuneplanarbeidet er ein vesentleg del av innhaldet i desse møtene.

Det blir fleire høve for innbyggjarane å koma med innspel, både munnleg på folkemøte og i skriftleg form ved **offentleg ettersyn** av Planprogram/Oppstart av planarbeid og når høyringsutkastet til arealdelen skal leggjast ut til offentlig ettersyn.

Heimesida og Facebook-sida til kommunen skal nyttast aktivt i planperioden for å oppnå god **informasjonsflyt** ut til innbyggjarane. Nabokommunar, offentlege etatar, ulike lag og organisasjonar vert infomert ved brev/epost undervegs i planprosessen. Etter kvart i planprosessen vil det verta vurdert om det er behov for ytterlegare medverknadstiltak som t.d. dialogmøter med grunneigarar, eigne temaverkstadar for ulike tema som f.eks Barnetrakk, grendeutvikling, tettstadutvikling, osv.

Kommunen vil hente innspel frå ulike råd og utval i kommunen, med eigne møter med nokre av desse. I tillegg vil kommunen invitere seg sjølv inn i for eksempel Råd for eldre og menneske rådet med nedsett funksjonsevne for å informere om planarbeid og innhente innspel. Fleire av råd og organisasjonar i kommunen vil verte involvert i ein omfattande arbeidsgruppe-prosess, med grupper delt inn i tema med representantar frå politikarar og administrasjon. Døme på lag, organisasjonar og råd som kan vere aktuelle å innhente innspel frå er: Lærdal Turlag, Lærdal Idrettslag, Politirådet, Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, Elevråd, Ungdomsråd osv. Det vil og vera aktuelt å samarbeida med skulane for å innhente innspel og idear frå born og unge.

5.3 Framdriftsplan

I framdriftsplanen vil ein sjå korleis og når ein kan medveka i planarbeidet. Tidspunktet for dei ulike aktivitetane kan endra seg om det oppstår forseinkingar i planarbeidet. Framdrifta i planarbeidet kan følgjast opp gjennom oppdateringar på heimesida og facebookside til kommunen. Det vert laga eiga side på heimesida for Arealdel-prosessen.

Foreløpig framdriftsplan for kommuneplanarbeidet fram til sommaren 2018 ser slik ut:

PLAN	Mars	April	Mai	Juni
Kommuneplan – samfunnsdelen	Forankring av visjon, innarbeiding av visjon «Grøne Lærdal» i planutkast	Utlekking til offentleg ettersyn	Felles folkemøte om kommuneplanarbeidet. Opent plankontor	
Kommuneplan - Arealdelen	Utarbeiding av planprogram, utlegging av planprogram til offentleg ettersyn og varsle oppstart av planarbeid		Felles folkemøte om kommuneplanarbeidet. Opent plankontor.	

Og vidare:

PLAN	November/ desember 2018	Vinter/Vår 2019	Mai/juni 2019	Sommar/haust 2019	August/ september 2019	Oktober - desember 2019
Kommuneplan – samfunnsdelen	Vedtak av Samfunnsdelen					
Kommuneplan - Arealdelen	Kommunestyret: organisering av arbeidet med arbeidsgrupper	Møter i arbeidsgruppene, møter med ulike råd og organisasjonar, dialog med grunneigarar	Vedtak av planprogram	Utarbeiding av planframlegg til ny arealdel	Utlekking til offentleg ettersyn	Vedtak av arealden

6 Grunnlagsdata for planarbeidet

Lista er ikkje uttømmmande.

- Naturbasen, <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-ogverktoy/>
- Database/Naturbase/
- Artskart, <http://artskart.artsdatabanken.no/>
- Fylkesatlas, <http://fylkesatlas.no> her finn du m.a. kart og informasjon om: Områdevern, viktige naturområde, prioriterte naturtypar, utvalde naturtypar, kulturlandskap, lakse- og innlandsfisk, inngrepsfrie naturområde (INON) og viktige friluftsområde
- EDNA og FRIDA (den siste med til dels eldre datagrunnlag). Er sendt til kommunane, og er også å finne på fylkesatlas
- Miljøstatus, <http://fylker.miljostatus.no/sogn-og-fjordane/>, her kan du m.a. finna rapportar om naturtypekartlegginga (biologisk mangfald), kulturlandskap og kulturmarkstypar i kommunen
- Fylkesdelplan for arealbruk (inkludert tidlegare fylkesdelplan for friluftsliv)
- Askeladden, kulturminnesøk for kulturforvaltninga (må vere registrert brukar) <https://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Data-og-tjenester/Askeladden>
- Kulturminnesøk, open base for registrerte kulturminner, også som App, <https://kulturminnesok.no/>
- NVE, kartbase som blant anna syner faresoner for flaum og skred. <https://www.nve.no/karttjenester/>
- Vannportalen, <http://www.vannportalen.no/>
- Grunnureining, <http://grunn.klif.no/>
- Skredfare: www.skrednett.no NGI sine aktsemdkart for snø- og steinskredfare vert nytta der dei er tilgjengelege i kommunen.